

## Fire merknader på ny skole

**SANDNES:** Øygard ungdomsskole må i løpet av sommeren rette på fire merknader som kommuneoverlege Hans Petter Torvik påpekte under befaring av skolen tidligere i sommer. Før kommunen kan gi endelig godkjenning av skolen, som har vært gjennom en total rehabilitering, må følgende rettes opp: Håndvask på skolekjøkkenet er ikke egnet til håndvask. Det blir for mye vannsøl på vegg og gulv, og dette må ordnes. Vannlekkasje i taket i øverste etasje i klasserom må tettes. I svømmebasseng må ventilasjonsanlegg og avfukting justeres og rektor er ansvarlig for å oppdatere internkontrollsystemet.

## Matpenger øker med over 50 prosent

**SANDNES:** Sandnes kommune øker matpengene i de kommunale barnehagene fra 130 til 200 kroner per betalingstermin for hel plass. Et stort flertall av barnehagene, det vil si 22 av 23 barnehager, støttet dette. Nå er økningen vedtatt, og fra 1. september faktureres kostpenger med 200 kroner.

# Han vil la folket forma Sandnes

**Evje januar 2010:** Handelsnæringa krev at bilar raskt kan køyra inn og ut av sentrum, medan bebuarar ønsker fleire grøntområde. Ei plansmie jobbar fram ei løysing på ei veke.



Turid Furdal  
tekst og foto

## KORLEIS BLIR DEN NYE BYEN?

**EVJE/OSLO/SANDNES:** Evje er ei lita bygd og Sandnes ein storby, men interessekonfliktane er kanskje ikkje så ulike?

Då Kari Røynlid begynte som plan- og miljøleiar i Evje, kom ho til ein haug av ulike planar for sentrum. Planar som aldri kom i hamn.

Behov for parkering stod opp mot ønske om grøntområde. Planar om eit nytt, stort kjøpesenter møtte motbør frå naboane.

**FORPLIKTANDE SAMRÅD:** Løysinga for bygda sør i Setesdalen vart ei plansmie: Eit ope samråd mellom handelsstand, grunneigarar, investorar, foreiningar, politikarar og lokalbefolkning. Etter fem dagar hadde dei klar ei skisse til ny reguleringsplan.

Plansmia vart leia av arkitekt Arne Sødal, jurist Audun Engh og Erling Okkenhaug frå nettverket Allgrønn.

Kari Røynlid fortel på telefon frå Evje at plansmia vart ulikt motteken: Medan «vanlege folk» i syntest det var veldig gøy å vera med og drøfta, og leggja føringar, var lokale investorar ukomfortable med den nye måten å jobba på. Dei var ikkje vande med å drøfta og forsvara synspunkta sine i opne forum. Vanlegvis vart slike spørsmål diskuterte med ordføraren, og avgjorde i lukka rom.

I etterkant har dei endra haldning og meiner tanken var god, men at dei ikkje var førebudde, seier ho.



**KLAR-FERDIG-FOR SEINT:** Slik oppsummerer Erling Okkenhaug i Allgrønn sjansen folk vanlegvis har til å påverka reguleringsplanar. Her på Tjuvholmen i Oslo, der Allgrønn var med og stoppa planane om ny containerhamn.

**«ALLE» VAR MED:** Ungdomsrådet deltok aktivt. Barnehagebarn kom med meldingar om at folka måtte vera i sentrum og bilane gøymast i parkeringshus. Mange andre deltok på fleire folkemøte.

Ei politisk styringsgruppe med ordføraren i spissen, styrte prosessen.

Skissa som vart teikna ned siste kvelden utgjør grunnlaget for reguleringsplanen som blir lagt fram for politikarane over sommaren.

Proessen vart langt meir demokratisk enn han vanlegvis er, og meir enn lova krev.

– Kravet til medverknad er meir enn oppfylt i forhold til plan- og bygningslova, seier Kari Røynlid. «Folk flest» vart dregne inn tidleg i planprosessen.

Modellen kan utan problem overførast til større kommunar og byar, meiner Røynlid.

– Det gjeld berre å avgrensa området planane skal gjelda for.

**NY-URBANIST:** Aktivist og idealist Erling Okkenhaug i nettverket Allgrønn har organisert tre plan-

smier i Norge: På Gjerstad og Åfjord i tillegg til Evje.

Okkenhaug var i si tid ein pådriver for få stoppa Oslo havn sine planar om ei utviding av containerhavna sentralt i byen. Han ønskte ei menneskevenleg utvikling, men er langt frå fornøgd med Fjordbyen som veks seg høg og kompakt langs sjøkanten.

Han oppfordrar Sandnes til å visa «besinnelse» i arbeidet med planar og utbyggingar som skal forma byen for dei neste 10-20-30-40 åra. På vandring langs nye byggeområde på Tjuvholmen, held han fram at ingen er opptekne av *staden* sine interesser.

**UTBYGGJAR HAR MAKT:** – Dei store aktørane får for stor makt gjennom møte med politikarar og andre, og utformar planar som innbyggjarane deretter berre kan akseptera eller protestera mot, seier han. Ideen bak plansmiene er at folk sjølve skal bli aktive aktørar som legg premissane for stadsutviklinga.

– Det er ein myte at ein har dårleg tid. Ta den tida som krevst.

## PLANSMIER

**KVA:** Skal vara minst fire dagar, involvera lokale partar og enda opp i ein gjennomførbar plan. Målet er å unngå at planprosessen blir styrt av ein part sine interesser.

**KORLEIS:** I løpet av ei veke lagar alle aktørane ved felles innsats ein plan som har brei tilslutning og som kan bli vedteken som reguleringsplan.

**KVIFOR:** For å få til ein open prosess der alle partar får vera med, blir høyrde og påverkar. Får konfliktane opp i dagen med ein gong.

**BAKGRUNN:** Plansmiene er inspirerte av den amerikanske retninga new urbanism, som står for ei tilbakevending til førmodernistiske byplanleggingsidear.

**LUKKA ROM:** Viktige planspørsmål er langt på veg avgjort før formelle prosessar for medverknad blir sette i gang, oppsummerer Asplan Viak i ein rapport om planmedverknad i norske storbyar. Lukka samrådsarenaer blir særleg etablert der private aktørar utarbeider planforslag. Storbyane har erfart at minimumskrava for medverknad ikkje alltid er tilstrekkeleg.

Kommunane må setja strengare krav for å halda «pengegutta» i øyrene, oppfordrar Okkenhaug.

På Evje har dei stoppa opp for å jobba litt med Vegvesenet, fortel Røynlid. Ønsket er å kopla elva Otra til sentrum.

Talet på parkeringsplassar vart

like stort som først tenkt. Men i staden for at dei kjem på den mest sentrale plassen, vert parkeringsplassane lagde på sida av eller bak butikkane. Handelsnæringa murrar. Tida vil visa om Evje-politikarane vedtar planen.

turid.furdal@aftenbladet.no

## – Fleire kryssande interesser i ein by, sier byplansjefen i Sandnes

**SANDNES:** – Arbeidet i Evje er veldig interessant, meiner Mette Paavola, byplansjef i Sandnes.

Ho vil likevel ikkje lova å ta i bruk ein slik arbeidsmåte her i byen.

Paavola meiner ei plansmie ville vera vanskelegare å få til i ein stor by enn i eit lite kommunesenter.

– Her har me fleire kryssande interessefelt, fleire aktørar og fleire innbyggjarar. Med ei så brei og open tilnærming som ei plansmie er, ville det vera veldig ressurskrevjande å sortera all informasjonen, meiner Paavola.

Ho legg til at ei plansmie aldri kan erstatta formelle, demokratiske prosessar, men at det kan

vera eit viktig supplement som sikrar brei deltaking.

– Har Sandnes vurdert måtar å få med innbyggjarane på, tidlegare i planprosessen?

– Her finst ingen fasitsvar. Men i samband med rulleringa av kommuneplanen, vart skulebarn inviterte til å delta. Park i byen var eit av forslaga, og etabler-

inga av mellombels park på Ruten har synleggjort korleis dette kan bli. Sandnes har gjort ting for å involvera, men meir på eit generelt, overordna nivå, klargjer Paavola.

Den mest aktuelle kandidaten for å bruka noko liknande ei plansmie, er vidareutviklinga av Ruten, ifølgje Paavola. Når det

gjeld utviklinga av området i hamna, viser ho til at arbeidet er delegert til Sandnes Indre Havn KF under leiging av Arne Nordheim.

Byplansjefen oppfordrar vidare innbyggjarane til å meina noko om arbeidet som blir gjort med arkitekturpolitikken i Sandnes.